



Kålås Bygg AS

Referanser:

Dykkar: Lars Alvær Hagesæter
Vår: 19/988 - 19/11435

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

08.04.2019

Tillatelse til utvida bruk av avkjørsle - gbnr 213/35 Eikanger

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 213/35

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.:

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for ei bustadeining datert 22/3-2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Eksisterande fritidsbustad på eigedomen skal rivast og erstattast av bustadhus.

Vurdering/drøfting:

Avkjørsle eksisterer i dag og endar ut på kommunal snuplass. Det er god sikt rett fram og over snuplassen, men eit postkassestativ ved fritidseigedom 213/32 står i siktsona til avkjørsle frå 213/35 og frå den privatevegen mot hus hus 66-74 si siktzone til avkjørsle det vert søkt utvida burk for (sjå vedlegg). Det er god plass til å flytte dette postkassestativet lenger bak langs gjerdet for å oppnå fri sikt.

Samandrag/konklusjon:

Det kan gis avkjøringstillatelse dersom postkassestativet vert flytta.

Vedtak:

kommune gjev løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Postkassestativet som står langs vegen ved gbnr 213/32, må flyttast lenger inn slik at det ikkje står plassert i siktsona for 213/35 og sidevegen som kjem frå husnr. 66-74.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Flytte postkassestativ

Kopi til:

Byggesak

Mottakarar:

Kålås Bygg AS
Lars Hagesæter